



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltningsplan for Husfjellet naturreservat

Haram kommune

Rapport 2011:12



Oversiktsbildet på framsida viser Husfjellet naturreservat i Aure kommune. Bildet er tatt frå nordaust (foto: Øivind Leren).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fmmr.no

Rapport nr:

2011:12

Dato:

15.12.2011

Tittel:

FORVALTNINGSPLAN FOR HUSFJELLET NATURRESERVAT

Forfattar:

Alexander Connor, miljøvernnavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltningsplan for Husfjellet naturreservat i Haram kommune er godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal 15.12.2011, med heimel i verneforskrifta § 10.

Referat:

Denne forvaltningsplanen skal sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvalitetane i Husfjellet naturreservat. Det er i tillegg eit sentralt ønske at planen vil vere eit godt hjelpemiddel til grunneigarar og andre interesserte ved at den vil vere rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande verneforskriftene. Forvaltningsplanen presenterer verneverdiane og mål ved bruk av omgropa *naturkvalitetar, bevarings- og forvaltningsmål*. Dette er ein metode som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområde i Noreg.

Ein viktig kvalitet i reservatet er områdets funksjon som hekkelokalitet for mellom anna gråmåse, fiskemåse og ikkje minst toppskarv. Reservatet skal forvaltas slik at desse verdiane vert sikra på lang sikt. Skjøtselstiltak som vegetasjonsrydding og overvaking/fjerning av framande artar er nokre døme på tiltak som skal bidra i dette arbeidet.

I tillegg til å ha fokus på framtidig skjøtsel vil ei sentral oppgåve for forvaltningsstyresmakta vere å overvake bevaringsmål for sjøfuglane i reservatet. Med denne forvaltningsplanen vert fokuset på vernekvalitetane for reservatet skjerpa i framtida.

Forvaltningsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år

Emneord: Forvaltningsplan, sjøfugl, naturkvalitet, bevaringsmål, framande artar, skjøtsel.	ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-229-7 ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-228-0 ISSN 1891-876X
 _____ Ulf Lucasen seksjonssjef	 _____ Lindis Nerbø Direktør miljøvernnavdelinga

Forord

Husfjellet naturreservat i Haram kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 28. mai 2010, som ein del av verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Verneplanen sikrar nokre av dei viktigaste områda for sjøfugl i fylket og omfattar 36 hekkelokalitetar. Desse naturreservata er fordelt på 19 kommunar, og utgjer totalt om lag 53 km². Av dette er 6 km² land og 47 km² tilhøyrande sjøareal.

Dette er den første forvaltningsplanen for Husfjellet naturreservat, og ein av 11 forvaltningsplanar for sjøfugl som fylkesmannen sette i gang å utarbeide våren 2011. Sjøfuglreservata med forvaltningsplaner vart valte ut på grunn av auka gjengroing av hekkelokalitetane.

Det har vore ein nedgang i hekkebestandane dei siste åra for fleire av sjøfuglartane i Nordsjøen. Nedgangen har vore mest dramatisk for artar som hentar mat langt til havs. Nedgangen kan skuldast både globale og lokale forhold. Ved å verne hekkelokalitetane sikrar vi sjøfuglane mot lokale trugsmål som til dømes forstyrring i rugetida og gjengroing av eigna reirplassar. Aktuelle skjøtselstiltak for å gjenskape og oppretthalde best moglege vilkår for hekkande sjøfugl er derfor eit sentralt tema i forvaltningsplanane.

Fylkesmannen har hatt forvaltningsplanane på høyring i 2011. Høyringsbreva har vore sendte til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjoner. Høyringsdokumenta har lege på fylkesmannen sine heimesider. Vedtekne forvaltningsplanar er å finne på nettsidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmr.no, under publikasjonar. Forvaltningsplanen vil vere rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande vernereglane og vil ikkje gi nye avgrensingar for grunneigarane.

Verneplanen er den siste av dei tematiske fylkesvise verneplanane i Møre og Romsdal. Oppgåva med å opprette verneplanar for våtmark, myr, edellauvskog, havstrand/elveos og hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal er dermed fullført.

Planen er først og fremst utarbeidd av Alexander Connor ved fylkesmannens kontor. Jorunn Mittet Eriksen har sluttført arbeidet. I tillegg har Aslaug Magerøy Grimstad lest korrektur. Planen er utarbeidd for midlar som Direktoratet for naturforvaltning (DN) har stilt til rådvelde.

Molde, 15.12.2011

Innhold

1	INNLÆRING	9
2	SJØFUGLANE I MØRE OG ROMSDAL.....	10
2.1	EIGNA TOPOGRAFI FOR SJØFUGL	10
2.2	REGISTRERINGAR	11
2.3	UTFORDRINGAR/ TRUSLAR.....	12
3	BRUKARINTERESSER	13
3.1	JAKT, FISKE OG FRILUFTSLIV.....	13
3.2	JORD- OG SKOGBRUK.....	13
4	SKJØTSEL.....	14
4.1	SKJØTSELBEHOV I SJØFUGLRESERVATA.....	14
5	SKJØTSELSPLAN FOR HUSFJELLET NATURRESERVAT.....	15
5.1	SKILDNING AV VERNEOMRÅDET.....	15
5.2	NATURKVALITETAR.....	15
5.3	TILSTANDEN I HUSFJELLET NATURRESERVAT	16
5.4	BEVARINGSMÅL.....	16
5.4.1	<i>Oppfølging av bevaringsmål</i>	16
5.5	SKJØTSEL; BEHOV OG GJENNOMFØRING	18
5.5.1	<i>Rydding av tre og kratt.....</i>	19
5.5.2	<i>Brenning</i>	19
5.5.3	<i>Beiting</i>	20
5.5.4	<i>Overvaking/fjerning av framande artar</i>	20
5.5.5	<i>Rydding av søppel</i>	20
5.5.6	<i>Oppsummering av skjøtselstiltak på Husfjellet</i>	20
6	FORVALTNING AV NATURRESERVATET	22
6.1	FORVALTNINGSSTYRESMAKTER	22
6.2	LOVVERK, FØRINGAR OG FORVALTNING	22
6.3	FORVALTNING AV VERNEFORSKRIFTA	22
6.4	FORSTÅING AV UNNTAKA FRÅ FORSKIFTENE	23
6.4.1	<i>Spesifiserte dispensasjonsreglar.....</i>	23
6.4.2	<i>Generelle dispensasjonsreglar.....</i>	23
6.5	RETNINGSLINER FOR SAKSBEHANDLING	24
6.6	SKILTING OG INFORMASJON	25
6.7	OPPSYN I NATURRESERVATA.....	26
6.8	REVIDERING AV FORVALTNINGSPLAN	26
7	KJELDER	27
8	VEDLEGG.....	28

1 Innleiing

Husfjellet naturreservat (figur 1 og 2) vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 28. mai 2010 i samband med verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Formålet med vernet er i følgje § 2 i verneforskrifta; “*å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfald. Den tilnærma urørte bergformasjonen med fuglefjellspreng og med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna gråmåke, fiskemåke, toppskarv og havhest*”.



Figur 1: Husfjellet naturreservat ligg i Haram kommune. Området er markert med horisontale røde strekar nordvest på Flemsøya (www.dirnat.no/kart/naturbase).

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur.

For å sikre område som er særleg viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskeleg aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverknadsfaktorar. Å verne viktige sjøfugllokaltetar etter naturmangfaldlova (NML) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet.

Sjøfugl er ikkje noko eining i zoologisk systematikk, men eit omgrep som skildrar ei funksjonell rolle i naturen. Det femner dei fugleartane som gjennom heile eller store delar av levetida hentar det meste av næringa frå sjø og hav. Sjølv om dette i vidaste forstand kunne også gjelde t.d. havørn samt nokre av vadaranane, avgrensar ein normalt sjøfuglomgrepet til å gjelde symjefuglar av ulike slag. Døme på typiske representantar for sjøfuglane er stormfuglane, sulene, skarvane, alkefuglane og dei fleste måkefuglane.

Samstundes som dei er viktige hekkelokalitetar er mange av naturreservata viktige skjærgårdsområde, som er ein sjeldan og verneverdig naturtype i global samanheng. Særleg øy- og skjærgårdsområda har stor verdi som heilhetlege økosystem, der zoologiske, botaniske og geologiske element både på land og i sjø bidreg til områda sin eigenart, økologiske betydning og verneverdi.

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av NML. Områda er verna som naturreservat etter NML § 37, jf. §§ 33 og 62. Naturreservat er den strengaste av verneformene og blir m.a. brukt for område som inneholder trua, sjeldan eller sårbar natur, område av ein bestemte naturtype, er viktig for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekommst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til å bevare måla i NML § 33. Dei skal bl.a. bidra til sikre variasjonsbredda i naturtypar og landskap (§ 33 a), dei skal sikre artane og genetisk mangfald (§ 33 b) og sikre trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar (§ 33 c).

Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal òg gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i reservata og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men er retningsgivande for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. I naturreservata er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan forringje verneverdiane.

Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturopsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med fylkesmannen ansvaret for skjøtselsarbeid i fleire av reservata.

Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om sjøfuglane, verneområda og dei største truslane mot verneverdiane.

2 Sjøfuglane i Møre og Romsdal

2.1 Eigna topografi for sjøfugl

Kysten i Møre og Romsdal kan delast mellom indre og ytre. Eit karaktertrekk i det ytre er den flate kystbremmen, som skaper store og oppdelte gruntvassområde. Kystbremmen utgjer også ein viktig del av øyrekkja langs kysten, i nokre tilfelle heile øyar som Gossen, Vigra og Smøla. Kystbremmen er difor overgangen mellom fjell og hav, samstundes som han er terskelen mellom havet og fjordane i den indre delen av kysten. Fjordane er djupe, har etter måten få øyar og holmar og er prega av bratte skoglier eller fjellsider, berre stadvis brotne av flatare landskap, særleg kring dalbotnar og elveos. På dei flatare stadene er det også oftast busetnad. Dei store fjordbassenga må fyllast og tømastes i takt med flo og fjøre. I terskelområda kring munningen vert det difor rik straumsetjing og god omrøring i vatnet.

Den norske kontinentalhylla er på det breiaste utanfor Møre og Romsdal, med Storegga og Buagrunnen. Frå sør stryk kyststraumen langs øyar og strender nordover. På Sunnmørskysten råkar ho Golfstraumen med full tyngde. Golfstraumen pressar varmare og saltare havvatn inn mot kysten og skaper omrøring og auka næringstilgang. Dette fører med seg gode vekstvilkår og rik biologisk produksjon. Mørekysten er frå tidlege tider kjend som eitt av dei viktigaste gyte- og oppvekstområda for fleire fiskeartar i landet vårt.

Næringsstilhøva gjev med andre ord grunnlag for ein rik sjøfuglfauna. Dei topografiske tilhøva ligg fysisk til rette for mange og gode hekkeplassar. Til saman er dette årsaka til at Møre og Romsdal gjennom tidene har hatt store bestandar av sjøfugl. Særleg Sunnmørskysten kan by på brattlendte øyar med fjellstup heilt i havkanten. Dette er høvelege stader for fuglefjellsartane. Runde er den best kjende av desse øyane og huser dei største koloniane. Runde er også det einaste store fuglefjellet i Sør-Norge. Det har elles vore etter måten store koloniar også på nabøyar i Herøy og Sande og på Nordøyane i Haram. Mindre koloniar finst fleire andre stader, men desse er gjerne meir ustabile over tid. Slik kan ein finne til dømes toppskarv- og krykkjekoloniar spreidd på kysten av Romsdal og Nordmøre.

Andre sjøfuglartar, særleg måsar og terner, hekkar både i koloniar og parvis langs heile fylket, men tettare i dei straumrike områda kring fjordmunningane enn inne i fjordane. Inne i fjordane er utvalet av eigna hekkeplassar mindre. Så godt som alle skjer, holmar eller småøyar i fjordane har sjøfugl hekkande, men villminken har i løpet av dei siste tiåra medverka til at måsar og terner har funne det tenleg å flytte koloniane anten innover i lyngheia eller til dei ytste skjera. Strandenger eller småholmar i fjordsystema gjev ikkje lenger like godt resultat i hekkinga.

2.2 Registreringar

Undersøkingar retta spesielt mot sjøfugl i Møre og Romsdal har gått føre seg sidan 1950-åra. Den første tida galdt dette ringmerking i fuglefjella på Runde, mest som fritidsaktivitet. Frå 1970 er meir vitskaplege undersøkingar gjennomførde. Mykje av undersøkingane etter dette er gjennomførde som prosjekt eller delar av prosjekt, finansiert av tilskot frå ymse instansar. Frå 1979 vart aktiviteten i Møre og Romsdal fanga opp i eit nasjonalt system gjennom «Sjøfuglprosjektet» i regi av Direktoratet for vilt og ferskvassfisk (DVF, seinare DN).

Feltarbeidet er i stor grad utført av medlemar i Norsk ornitologisk foreining (NOF). Den meir vitskaplege aktiviteten i foreininga har vore organisert gjennom Ornitolgiske undersøkingar i Møre og Romsdal.

Registrering av sjøfugl foregår etter ulike metodar, alt etter kva slags art som skal kartleggjast. Generelle takseringar i store areal er ofte mindre nøyaktige enn artsspesifikke takseringar i avgrensa område. Men sjølv om takseringsresultata ikkje alltid gjev eit eksakt kvantitativt mål på sjøfuglbestandane, er dei eit godt tolkningsgrunnlag for ei vurdering av verdien til ulike lokalitetar.

Undersøkingane er i første rekke retta mot hekkelokalitetane. Registreringar eitt år gjev eit situasjonsbilete. Storleiken av sjøfuglbestandane vil variere med ei rekke faktorar der næringstilgangen ofte er den viktigaste. For fleire av artane kan det difor vere stor variasjon frå år til år. Dette kan gjelde talet på fugl som går til hekking, i kva grad hekkinga vert

vellukka eller om delar av koloniane vert flytta til andre lokalitetar. Det siste gjeld først og fremst for terner. På overnattings-, raste- eller overvintringslokalitetar er gjerne fuglane tett samla og lett synlege. Sjølv om teljingane er noko enklare vil det også her vere tale om situasjonsbilete.

For å kome fram til sikre konklusjonar om trendar og tendensar treng ein difor undersøkingar over fleire år. I praksis er det vanskeleg å gjennomføre dette innafor rimeleg tid og til rimelege kostnader. Fylkesmannen vonar at ein kan overvake bevaringsmåla tre gonger i løpet av planperioden.

At dei nyaste tala oftast er lågare enn dei gamle, kan ein lett tru at lokalitetane har mist sin verdi for sjøfugl. Bestandane kan variere mykje frå år til anna og dei høgste tala syner lokaliteten sitt minimum potensiale. Dette er særleg viktig å vere klar over nettopp i dei tider den langsiktige trenden er negativ.

Sjøfuglreservata er i liten grad kartlagde i høve til naturverdiar utanom sjøfugl. Fylkesmannen ser det heller ikkje som realistisk å prioritere ei slik kartlegging med det første, då verneverdiane i all hovudsak er knytt til hekkande sjøfugl. Likevel kan det vere av verdi å få meir kunnskap om anna biologisk mangfold i dei ulike reservata. Ikkje berre for betre å kunne vurdere val av skjøtselstiltak og verknadene av det som vert gjort, men også fordi at andre artar med spesielle omsyn (t.d. planteartar, pattedyr) etter kvart kan etablere seg i reservata.

2.3 Utfordringar/ truslar

Det har dei siste åra vore ein nedgang i hekkebestandane for fleire av sjøfuglartane i Norskehavet. Nedgangen har vore mest dramatisk for artar som hentar mat langt til havs (pelagisk beitande artar), mellom anna lunde, lomvi, havhest og krykkje. På mange lokalitetar har desse artane hatt mislykka hekkekonsesjon i perioden 2004-2007. For dei meir kystbunde sjøfuglartane er utviklinga ikkje like negativ, og fleire av bestandane er i framgang totalt sett.

Utviklinga i sjøfuglbestandane er eit resultat av den samla påverknad fuglane er utsette for. Påverknadsfaktorane er mange og komplekse. Næringsmangel er vurdert som den mest kritiske faktoren for hekkesuksessen. Mangelen på mat kan kome av anten overfiske på byttedyra sjøfuglane lever av eller klimastykte endringar i havet som endrar næringsgrunnlaget.

På lokalt nivå er den største trusselen mot sjøfuglar forstyrring i hekketida. Når folk kjem nær hekkeplassen, kan vaksne fuglar forlate reiret. Egg og ungar blir då svært sårbare og kan til dømes bli etne av rovdyr, fryse i hel eller bli overoppheita. Mange forstyrringar kan føre til at hekkinga i heile eller delar av kolonien mislukkast. Måsefuglar og terner er spesielt sårbare for ferdsel, da dei legg egg på bakken på låge og ofte lett tilgjengelege område (Temanord, 2008).

Andre truslar kan mellom anna vere fysiske inngrep som følgje av utbygging til bustad-, nærings- og fritidsføremål. Endra bruk som fører til attgroing kan også gjøre område ueigna

til hekking for sjøfugl. Aktivitetar som reduserer eller vanskeleggjer fødetilgang for sjøfugl lokalt, vil også vere negative for sjøfuglartar som er avhengige av føde i nærleiken.

Introduserte artar er også ein trussel for hekkebestandane. Mink blei innført til Noreg for pelsdyravl på 1920-talet. Frå byrjinga av 1930-talet fann ein ville bestandar av mink. I dag er minken etablert over store delar av landet, og har lokalt ein betydeleg negativ innverknad på sjøfuglkoloniar.

3 Brukarinteresser

Her presenterer vi dei mest aktuelle brukarinteressene som kan bli berørte på grunn av vernevedtaket. I tillegg har vi definert forvaltningsmål for reservatet og eventuell lovheimel for bruksavgrensingar. Restriksjonar er anten heimla i verneforskrifta eller NML. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

3.1 Jakt, fiske og friluftsliv

I dag er det få, om nokre, utfordringar knytt til utøving av friluftsliv i Husfjellet naturreservat.

Det er høve til å drive både jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk. Likeins er det høve til å plukke bær, matsopp og vanlege planteartar til eige bruk. Alle desse unntaka er nemnt i § 4 i verneforskrifta.

- Forvaltningsmål for jakt, fiske og friluftsliv**
- ✓ *All ferd sel skal skje varsamt og ta omsyn til fuglelivet, vegetasjon og andre naturkvalitetar.*
 - ✓ *Det skal stimulerast til fellefangst av mink i reservatet.*

Dersom auka ferd sel i framtida blir ei aktuell problemstilling, vil moglege negative verknader av det best reduserast ved å kanalisere ferd sel. Etablering av naturlege startpunkt for stigane, betre informasjon og merking av stigar ute i terrenget vil vere aktuelle tiltak dersom ein auke i tal på turgåarar skaper problem for fuglane eller andre verneverdiar.

Av omsyn til fuglelivet er det bandtvang for hund i sjøfuglreservata.

Verneforskrifta går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi Husfjellet er eit område som er verna grunna naturkvalitetar vil naturen prioriterast over friluftsinteresser ved ein eventuell konflikt. Vi gjer merksam på ferdelsforbodet i hekketida frå 01.05 -t.o.m. 31.07.

3.2 Jord- og skogbruk

Det er tidlegare planta ein del skog i reservatet før vernevedtaket. Det er i verneforskrifta opna for hogst av denne, jf. § 4. Det er derimot ikkje opna for nyplanting, jf. § 3.

Både beiting og vedlikehald av gjerde er unntak frå vernereglane, jf. § 4 i verneforskrifta. Naudsynt ferd sel i samband med beite, tilsyn og oppsetting og vedlikehald av gjerde og liknande er også unntak frå ferdelsforbodet, jf. § 6. Ein skal vere varsam med å endre beitetrykket då dette kan ha negative konsekvensar for bevaringsmålet, jf. kap 5.5.3.

- Forvaltningsmål for jord- og skogbruk**
- ✓ *I samarbeid med grunneigar fjerne og hindre framande plante- og treslag, samt uønska vegetasjon som har ein negativ påverknad på verneverdiane.*

A omsyn til verneformålet kan Direktoratet for naturforvaltning (DN) regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

4 Skjøtsel

Med skjøtsel meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag i regi av grunneigarar eller andre, og tiltak som forvalningsstyresmakta gir løyve til eller set i gang for å ta vare på naturkvalitetar i samsvar med verneformålet. NML § 47 gir forvalningsstyresmakta heimel for å iverksetje skjøtsel i verneområda, jf. § 9 i verneforskrifta. Skjøtselstiltak kan t.d. vere rydding av skog og kratt, brenning, rydding av avfall, beiting og slått.

Forvalningsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtselsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvalningsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplege resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med Fylkesmannen og SNO, og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive skjøtsel utan skriftlig løyve frå forvalningsstyresmakta. For å unngå å forstyrre hekkande fugl bør gjennomføring av skjøtselstiltak med omfattande aktivitet skje i perioden 1.september til 31.mars.

Det er såleis ikkje nødvendig med særskilt dispensasjon for skjøtselstiltak som forvalningsstyresmakta på eige initiativ ønskjer å setje i gang. Dersom det gjeld skjøtsel som trengst for å fremje verneformålet (med unntak av å setje dyr på beite) er forvalningsstyresmakta heller ikkje formelt avhengig av løyve frå grunneigar. I praksis ønskjer fylkesmannen likevel alltid å drøfte skjøtselstiltak med grunneigar i førekant, for å finne fram til dei mest formålstenlege måtane å gjere arbeidet på, og unngå unødige ulemper for grunneigar eller andre brukarar. For skjøtselsarbeid som er i samsvar med vedteken forvaltningsplan vil fylkesmannen varsle grunneigarar før arbeidet blir utført.

4.1 Skjøtselbehov i sjøfuglreservata

Mange av naturreservata gror att. Det gjeld både oppslag av tre, kratt og buskar, samt at lyngen på mange av øyane på kysten begynner å bli grov. Tilveksten av tre kjem både frå naturleg frøspreiing og frå tidlegare planting av ulike bartre. Det aukande oppslaget av tre i reservata kan skuldast fleire faktorar, som t.d. frøspreiing eller eit svakare beitepress. I lange tider har sjøfuglane levd i eit nært samspel med kystbefolkinga. Mange øyar og holmar som tidlegare vart nytta som utmarksbeite ligg i dag ubrukte. Dette har ført til store endringar i vegetasjonen.

Gjengroing gjer at store delar av enkelte reservat ikkje kan nyttast av sjøfuglane. Vegetasjonen på bakken og trea hindrar utsynet for rugande sjøfuglar, og gjer at dei ikkje føler seg trygge. Trean fungerer dessutan som tilhaldsstader og beskytta sitjeplassar for egg- og ungerøvarar som kråke og ramn, som i ope terremng ville blitt jaga vekk av dei hekkande fuglane.

For å ta vare på det tradisjonelle kystlandskapet som sjøfuglreservata representerer, og sikre eigna hekkeområde for sjøfugl, er det viktig å fokusere på skjøtsel. Dei mest aktuelle

skjøtselstiltaka er rydding av tre/kratt samt brenning og beiting. Skjøtsel kan òg innebere fjerning av framande plante- og dyreartar og kanalisere ferdsel.

5 Skjøtselsplan for Husfjellet naturreservat

Måla for forvaltning av sjøfuglreservat i fylket vert presentert i tråd med dei nye retningslinene for forvaltning av område verna etter NML.

Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert og så presis som råd. Sentralt i dette ligg det å konkretisere verneverdiane (naturkvalitetane) og knyte desse opp mot konkrete bevaringsmål for dei einskilde reservata. Måla skal fungere som referansepunkt i overvaking av naturkvalitetar over lengre tid. Til dømes kan nedgang i bestandstorleik vere signal på at negative faktorar verkar inn på verneverdiane i reservatet. I dei nye retningslinene for denne typen forvaltning er det tre omgrep som er sentrale: naturkvalitet, forvaltningsmål og bevaringsmål.

Naturkvalitet består av dei naturtypane eller artane som er grunnlag for vernet og som ofte er særmerkte for verneområda. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønsker at naturkvaliteten skal ha.

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle måla i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot nærings- og brukarinteresser omfatta. Verneverdiane er grunnlaget og utgangspunktet for å definere bevaringsmål for naturreservata.

Definisjonar

Naturkvalitet

Naturkvalitet er naturtypar, artar, geologi og landskap som skal bevarast i eit verneområde.

Forvaltningsmål

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle målsettingar knytte til eit verneområde. T.d. verdiar knytte til areal, artar eller brukar- og næringsinteresser.


Bevaringsmål

Den tilstanden ein ønsker at naturkvaliteten skal ha.

5.1 Skildring av verneområdet

Husfjellet naturreservat er på 181 daa og omfattar berre landareal (figur 1 og 2). Reservatet er ein bergformasjon opp mot 115 moh nordvest på Flemsøya i Haram kommune.

Reservatet har fuglefjellspreng med berghamrar, blokkmark og urer. På toppen er det graskledd med noko lyng innimellan, og med lauvkratt i hamrane. Reservatet har eit stort innslag av furu og lauvkratt.



Figur 2: Flyfoto av Husfjellet naturreservat. Foto: Øivind Leren.

5.2 Naturkvalitetar

Husfjellet er ein viktig hekkelokalitet for gråmåse, fiskemåse og toppskarv. Bestandane av måsefuglar har vore større tidlegare, mens tal toppskarv har

auka. Tidlegare registreringar av gråmåse viser 200-250 par (1969-81) og 50-100 par (1994-95), men her er metoden ikkje kjent. I 2011 blei det talt om lag 17 reir av gråmåse. Det blei ikkje observert

fiskemåse ved den same teljinga. Toppskarv derimot hadde ein stor hekkebestand i 2011, med 199 påviste reir i to kontrollfelt. Berekna tal par toppskarv var i følgje rapporten på 388 par, mot 50 par (1969-81) og 15-20 par (1994-95). Havhest har hekka her tidlegare, men blei heller ikkje observert i 2011. Det hekkar òg eit utval av småfuglar, men elles er lite kjent av spesiell interesse utanom sjøfuglane.

5.3 Tilstanden i Husfjellet naturreservat

Gjengroing er den største utfordringa for forvaltninga i reservatet i dag. For å sikre opne areal og dermed gunstige hekkeforhold for sjøfugl må tre, kratt og anna dominerande vegetasjon fjernast i dei viktigaste hekkeområda i naturreservatet.

På sør- og nordsida av Husfjellet er det planta berg- og buskfuru. Begge desse er i spreiing. Dei tidlegare opne gras- og lyngbakkane på toppen av Husfjellet er no under sterkt gjengroing. På Sakshammaren har det i tillegg kome opp ein del lauvkratt.

5.4 Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at naturkvaliteten skal ha, og skal konkretisere dei meir overordna forvaltningsmåla. Bevaringsmål byggjer på kunnskapen om naturkvalitetane/verdiane ein finn i verneområda. Slike førekommstar vil endre seg naturleg, og ny oppdatert kunnskap vil også gjøre seg gjeldande og gje grunnlag for meir presise bevaringsmål for aktuelle tema.

Basert på dagens tilstand i naturreservatet, har ein retta fokuset mot fire bevaringsmål. Sjå tabell 1. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan t.d. presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte artar. For sjøfuglreservata vil utviklinga i talet på hekkande fugl over tid vere eit mål for bestanden. For å følgje opp bevaringsmåla må forvaltningsstyresmakta overvake tilstand og status til dei enkelte tema gjennom systematiske teljingar.

5.4.1 Oppfølging av bevaringsmål

Prinsippa ved forvaltning av verna område etter NML set krav til hyppigare og betre overvaking av verneverdiane enn tidlegare. Tidlegare var man i større grad fokuseret på tekniske brot av verneregler som t.d. fysiske inngrep, framfor å vurdere tilstand og status til dei faktiske verdiane som låg til grunn for vernet. Med denne forvaltningsplanen vert fokuset på naturkvalitetane skjerpa i framtida.

For å kunne følgje opp bevaringsmåla for sjøfuglreservatet er det naudsynt med overvaking av naturkvalitetane (hekkebestanden) over tid. Det er også viktig å følgje med på kva effektar utførde skjøtselstiltak har på bestandane av hekkande sjøfugl og andre tilhøve i verneområdet, samt å vurdere behovet for framtidige skjøtselstiltak.

Det er ønskeleg å gjennomføre årlege teljingar, men i praksis er det vanskeleg å kome over alle sjøfuglreservata same teljesesong. For kvart einskild reservat kan det difor vere eit meir realistisk mål få gjennomført tre teljingar i løpet av gjeldande planperiode (2011-2020). Det går fram av tabell 2 korleis forvaltningsmyndigheta skal følgje opp bevaringsmåla.

Tabell 1. Bevaringsmål og tiltak for Husfjellet naturreservat (VV00002895). Tilstandsklasse vurderast ut frå gjennomsnitttal på hekkande par frå 1969-81, 1994-95 og 2011 (God, middels og dårlig er respektivt $\geq 90\%$, $\geq 70-89\%$ og $\leq 69\%$ av dette gjennomsnittet).

Mål nr	Tilstands-variabel	Bevarings-mål	Overvaking	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
1	Hekkande par med gråmåse	Bevare reservatets funksjon som hekkeplass for måsefugl.	SNO, ornitologar	<u>God:</u> ≥ 98 par <u>Middels:</u> 76-97 par <u>Dårlig:</u> ≤ 75 par	<ul style="list-style-type: none"> - Rydding og tynning samt hogst for å fremje attraktive hekkeplassar. - Unngå unødig ferdsel. Ein auke i turgåurar; betre merking av stigar (kanalisering) - Halde området fritt for rovpattedyr.
2	Hekkande par med toppskarv	Bevare områdets funksjon som hekkeplass for toppskarv.	SNO, ornitologar	<u>God:</u> ≥ 135 par <u>Middels:</u> 105-134 par <u>Dårlig:</u> ≤ 104 par	<ul style="list-style-type: none"> - Unngå unødig ferdsel. Ein auke i turgåurar; betre merking av eksisterande stigar - Halde området fritt for rovpattedyr.
3	Framande pattedyr, fugl	Skal ikkje førekome i reservatet	Registrering ved synfaringar, samt løpande vurdering av data frå andre kjelder; artsobservasjonar	<u>God:</u> Framand art sjeldan og sporadisk observert <u>Middels:</u> Framand art registrert år om anna <u>Dårlig:</u> Regelbunden (årleg) førekomst	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdering av tiltak i reservatet blir basert på type art og skadepotensialet: <ul style="list-style-type: none"> • Skadefelling • Eggplukking/egg-punktering • Fellefangst
4	Framande planteartar og treslag	Svartelista artar med høg og ukjent risiko for skade på stadeige biomangfald skal ikkje etablerast i reservatet	Registrering ved synfaring. Kartfesting med GPS ved funn.	<u>God:</u> Aktuelle framande artar er ikkje etablert i reservatet <u>Middels:</u> Svakt innslag av aktuelle framande artar <u>Dårlig:</u> Moderat → sterkt innslag av framande artar.	<ul style="list-style-type: none"> - Fjerning av aktuelle artar i heile området, samt fokus på spreings- kjelder utafor reservatet. - Hogst, plukking av småplanter - Fjerning frå reservatet

Tabell 2. Ei oversikt over kven som har ansvaret for overvaking, kor ofte og kva overvakingstiltak som skal nyttast i oppfølginga av bevaringsmåla for Husfjellet naturreservat (VV00002895).

Mål nr	Bevaringsmål	Overvakkingssyklus	Aktuelle aktørar	Overvakkingstiltak
1	Bevare reservatets funksjon som hekkeplass for måsefugl og skarv	Overvake bevaringsmåla tre gonger i løpet av planperioden. Første gong i 2011.	SNO, ornitologar, forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdering av kvalitet på reirhabitat - Teljing av sjøfuglar etter gjeldande retningsliner
2	Framande planteartar, treslag, fugl og pattedyr skal ikke førekome i reservatet.	Overvake bevaringsmåla tre gonger i løpet av planperioden. Første gong i 2013.	SNO, ornitologar, forskingsinstitusjonar, frivillige organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> - Kartlegging av framande og migrerte artar. - Bruk av GIS-verktøy til overvakning av ev. sprenging (dekningsgrad) av artar. - Minkuttak skal registrerast i artsobservasjonar <p>Andre overvakingsmetodar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - rutetaksering - måling av markslag skog

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakkinga av naturkvalitetane i verneområdet. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er naudsynt, og minst ein gong kvart år. Andre aktuelle aktørar i høve til teljingane kan t.d. vere ornitologar, forskingsinstitusjonar og frivillige organisasjonar. Dette blir avklart årleg.

Utviklinga og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt. Metodikken for teljingane tek utgangspunkt i "Takseringsmanual for måker, terner, skarv, teist, ærfugl og grågås" - NINA rapport 716.

Eit fundament for all overvakking er at teljingane standardiserast slik at resultata skal kunne samanliknast frå år til år. Teljinga bør så godt det lar seg gjere gjennomførast på om lag den same tida i hekkeforløpet som tidlegare år. Andre faktorar som bør standardiserast er lokalitet for teljinga og kva for eining som teljast (tilsynelatande okkuperte eller faktiske reir, vaksne individ, hekkande par m.m.).

Når det gjeld Husfjellet naturreservat bør man nytte dei same metodane som i 2011. For fleire detaljar, sjå originalrapport frå teljingane frå NOF same år.

5.5 Skjøtsel; behov og gjennomføring

Skjøtsel i naturreservata er heimla i verneforskrifta § 9 og NML § 47, og tiltaka lista i skjøtselsplanen konkretiserer dei mest aktuelle tiltaka som er naudsynt for nå bevaringsmåla for naturreservat.

Kor ofte og når skjøtselstiltak skal gjennomførast kan vere vanskeleg å seie eksakt og er dessutan avhengig av type skjøtselstiltak som nyttast. Det viktigaste er at ein til kvar ei tid opprettheld og fremmar bevaringsmålet. For å unngå å forstyrre hekkande fugl skal gjennomføringa av skjøtselstiltak skje i perioden 1.september til 31.mars.

All skjøtsel skal skje i samarbeid med SNO og fylkesmannen. SNO gjennomfører skjøtsel på oppdrag frå Fylkesmannen. Grunneigarar og andre interesserte kan også gjennomføre skjøtselstiltak som er i samsvar med forvaltningsplanen, etter avtale og løyve/fullmakt frå forvalningsstyresmakta, jf. § 47 i NML.

5.5.1 Rydding av tre og kratt

Tre, buskar og kratt må fjernast i dei viktigaste hekkeområda i reservatet før det blir så høgt og av eit slikt omfang at det reduserer kvaliteten på området som hekkeplass for sjøfugl. Vegetasjonen bør haldast så låg at han ikkje tek den frie utsikta for fuglar som ligg på reir, gir færre reirplassar eller kan fungere som sitjepllassar/skjul for egrørvarar som kråke og ramn.

Gjennomføring av tiltak

Kor ofte hogst/rydding av tre og kratt bør skje, må sjåast i samanheng med andre skjøtselstiltak. Andre tiltak som t.d. beiting og brenning kan redusere behovet for rydding av kratt. For å unngå gjengroing med påfølgjande negative følgjer for verneformålet og for å hindre større arbeid i samband med skjøtselstiltak, bør fjerning av tre og kratt uansett skje om lag kvart tredje år.

Den største utfordringa er knytt til spreiing av bartre innafor reservatet. I området med mest hekkeaktivitet, på vestsida av Husfjellet, er det spreiing av lauvtre og sitkagran. Også spreiing frå plantefelta i og omkring naturreservatet skaper ein del utfordringar.

På sikt vil ei etablering av bar- og lauvtre redusere tilgangen på eigna hekkelokalitetar for sjøfuglane i reservatet og såleis stri med verneformålet. Ein bør difor, i samarbeid med grunneigar, også ha fokus på spreiingskjelder utanfor reservatet når skjøtselsarbeidet tek til.

Ved rydding av tre og kratt bør ein prioritere områda omkring sjølve Husfjellet. Her finst ein del furu som bør fjernast for å opne landskapet igjen. Lauvkratt som veks omkring hammaren, der ei stor blokk har glidd ut, bør derimot ikkje fjernast. Dette er truleg den viktigaste hekkelokaliteten for toppskarven i naturreservatet. Lauvtre i spreiing på vestsida av Husfjellet bør derimot fjernast.

Vidare bør ein overvake gjengroinga på toppen av Sakshammaren. Dette arealet bør haldast ope for å sikre eigna hekkepllassar for sjøfuglane i naturreservatet.

Arbeidet må bli gjort manuelt utanom tida med ferdselsforbod. Trestammer/nyttbart virke som blir teke ut er grunneigar sin eigedom. Grunneigarar vil bli orienterte om skjøtselsarbeid i forkant, og vil såleis få høve til å kome med innspel til korleis arbeidet skal gjerast.

5.5.2 Brenning

Saman med vegetasjonsrydding og beite, kan brenning i mange naturreservat vurderast som skjøtselstiltak for å fremje verneverdiane i reservatet. Grunna dei store mengdene med skog i naturreservatet, ser vi det som lite aktuelt som skjøtselstiltak på Husfjellet.

5.5.3 Beiting

For å halde vegetasjonen nede kan ein gjerne nytte beitedyr i kombinasjon med vegetasjonsrydding. Det er ikkje beiting i Husfjellet i dag. Dersom grunneigar ønskjer å nytte reservatet til beiting, opnar verneforskrifta for dette, jf. § 4.

Gjennomføring av tiltak

Sjølv om Husfjellet er eit stort reservat, bør ein vere på vakt overfor gjengroing på den eine sida og omfattande trakkskade og erosjon på den andre sida. Det er påvist at sau kan gjere skade på fuglereir gjennom trakk, og vi rår difor til å vere særleg bevisst på at talet på beitedyr ikkje er for høgt i rugetida. Då dette er ei problemstilling som oftast gjer seg gjeldande på mindre øyar og holmar, er det likevel viktig at både beitetrykket og effekten på vegetasjonen vurderast fortløpende. Vi tilrår at framtidig beite er i samsvar med tradisjonelt driftsopplegg, både med tanke på tal og type beitedyr. Av omsyn til verneformålet kan DN regulere beitetrykk ved forskrift i heile eller delar av reservatet, jf. § 4 i verneforskrifta.

Beiting i kombinasjon med hogst, samt rydding av lauvkratt er truleg dei beste skjøtselstiltaka for å oppretthalde og fremme verneverdiane i Husfjellet.

5.5.4 Overvaking/fjerning av framande artar

Det er viktig å halde reservatet fritt for framande artar. Både introduserte vilt- og planteartar representerer ein reell fare for det lokale artsmangfaldet og verneverdiane. Ein av grunneigarane seier det er mink i området.

Berg- og buskfuru og sitkagran er planta både inne og utafor reservatet og er i spreiing. Ein bør difor, i samarbeid med grunneigarane, også ha fokus på spreiingskjeldene utafor reservatet når skjøtselsarbeidet tek til.

Gjennomføring av tiltak

Det er mink i området. Overvaking av reservatet vil avdekkje førekomsten av mink i framtida. Målretta tiltak vil bli sett i verk i samsvar med gjeldande handlingsplan. Det er også viktig at ein fokuserer på tiltak utafor verneområdet. Aktuelle tiltak mot mink er fellefangst og jakt.

Framande treslag som har etablert seg inne i reservatet vil bli fjerna maskinelt med rydde- eller motorsag. Småplanter vil bli luka bort.

5.5.5 Rydding av søppel

Forsøpling er eit mindre problem på Husfjellet. Rydding vert difor gjort som ein ordinær del av oppsynsarbeidet

5.5.6 Oppsummering av skjøtselstiltak på Husfjellet

For å sikre eigna hekkeplassar for sjøfugl, må ein gjennomføre målretta skjøtselstiltak. I tabell 3 er det sett opp ei prioritering av skjøtselstiltak, ansvarleg for utføringa og når tiltaka skal gjennomførast. Forventa oppstart av skjøtselstiltak er 2013.

Dei største trugsmåla mot hekking på Husfjellet er gjengroing, mink og ferdsel. Difor er det viktig at tre og kratt i dei viktigaste hekkeområda blir fjerna og halde nede i framtida. Lyng-

og grasbakkane på toppen må haldast fri for tre. Dei konglebærande trea bør fjernast. Ein del av lauvkrattet omkring blokka som har sklidd ut bør stå att, då toppskarven hekkar her.

Vidare er det viktig at ein unngår unødig ferdsel. Eventuelle problem med brot på ferdelsforbodet bør møtast med auka oppsyn, informasjon og haldningsskapande arbeid.

Kostnader

Skjøtsel utført av SNO blir dekt av årlege tildelingar til fylkesmannen og SNO frå DN. Grunneigarar kan heilt eller delvis få dekt kostnader til skjøtselsarbeid og naudsynt materiell etter avtale med fylkesmannen.

Dokumentasjon

SNO loggfører alle skjøtselstiltak dei gjennomfører i naturreservatet. Også grunneigarar må dokumentere (med foto, helst både før og etter) skjøtselsarbeid når utgiftene blir dekte av forvalningsstyresmaktene. Ein enkel rapport skal sendast til fylkesmannen etter alle tiltak, slik at forvalningsstyresmakta får oversikt over utførte oppgåver i naturreservatet.

Tabell 3. Ei oppsummering og prioritering av aktuelle skjøtselstiltak i Husfjellet naturreservat. All skjøtsel kan gjennomførast heile året, jf. § 6 i verneforskrifta. Fylkesmannen vil uansett unngå skjøtselstiltak i tida med ferdelsforbod, 01.05.-t.o.m. 31.07.

Tiltak	Prioritet	Utførande aktørar	Gjennomførast	Merknad
Rydding av tre og kratt	Høg	Gr.eigar	2013, 2016, 2019	
Overvaking/fjerning av framande artar: Framande tre/planter; - Fjerning ved hogst/rydding i heile reservatet. Framande fuglar og pattedyr: - eggpunkttering (kanadagås) - jakt og fellefangst av mink	Høg	SNO, gr.eigar frivillige organisasjonar	2013, 2016, 2019	Kontinuerleg overvaking av framande, introduserte og migrerte artar.
Beiting	Låg	Gr.eigar	Årleg, dersom igangsett	Må skje i regi av grunneigar.
Rydding av søppel	Låg	SNO	Årleg	Mindre problem. Tiltaket vert gjort som ein del av det ordinære oppsynet
Brenning	Låg	SNO, gr.eigar	Brenning 7-15 års mellomrom eller når lyngen er 20-30 cm høg og har ein blyantjukk stengel.	Låg prioritert; mogleg å gjennomføre dersom grunneigaren ønskjer det.

6 Forvaltning av naturreservatet

6.1 Forvaltningsstypesmakter

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltningsstypesmakten for Husfjellet naturreservat. Søknad om løyve/dispesasjonar etter verneforskriftene skal alltid sendast direkte til fylkesmannen.

6.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernlova frå 1970 blei oppheva då NML 19. juni 2009 blei vedtatt. I denne samanhengen er eigne overgangsreglar i NML § 77 klar på at verneforskrifter vedtatt etter naturvernlova framleis gjeld.

Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. V i NML. Sjølv om hovudtrekka i naturvernlova er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig å merke seg prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglane for berekraftig bruk i tillegg til § 48 i NML, om dispesasjon frå vernevedtak. Reglane her kjem i tillegg til verneforskriftene for dei ulike sjøfuglreservata. Avgjerd av ein søknad om dispesasjon frå ei verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan påklagast.

Forskrifta for verneområda går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tilleggast stor vekt ved fortolking av vernevedtak. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke formålet, og "føre var" - prinsippet skal tilleggast vekt ved fortolking av vernevedtak. Tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta tolkast innskrenkande. Verneforskrifta for Husfjellet naturreservat er gjengitt i vedlegg til forvaltningsplanen.

6.3 Forvaltning av verneforskrifta

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigarane sine rettar og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar t.d. ikkje retten til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigaren kan likevel ikkje nekte forvaltningsstypesmakta motorferdsel på eigedomen i samband med skjøtsel.

Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i råderetten til grunneigarar, rettshavarar og publikum si råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlige nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av høvet til skjøtsel etter regelverket. Det oppstår av og til tvil om kor mykje som kan tolkast inn under dei spesifiserte unntaksvedtak. Nokre gonger kan verneforskriftene opne for eit tiltak, samtidig som det ikkje opnar for ein aktivitet som en naudsnyt for å gjennomføre tiltaket. Eit eksempel på dette kan vere at det er lovleg med vedlikehald av bygningar i reservatet, men søknadspliktig å frakte naudsnyt materiell dit med helikopter.

Forvaltninga av verneområdet skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller

forvalningsstypesmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar.

6.4 Forståing av unntaka frå forskriftene

Det er særleg nokre kapittel i verneforskriftene som gir retningsliner for forvaltinga. I § 3 *Verneregler* går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva for aktivitetar som ikkje er tillat innafor reservatet. I § 4

Generelle unntak er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i § 3.

§ 5 Regulering av ferdsel legg føringar for reglane omkring ferdsel i naturreservata, medan § 6 omhandlar dei generelle unntaka frå desse ferdelsreglane. Dei generelle unntaka frå ferdelsreglane i verneforskrifta, jf. § 6, er tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Men fylkesmannen bør underrettast dersom slik aktivitet gjennomførast, og ein føresett at ein i størst mogleg grad unngår unødig aktivitet i ferdelsforbodstida (1 mai. til og med 31. juli). Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for.

Aktivitetar som er forbode gjennom forskrifta i § 3, og som ikkje er nemnde i §§ 4, 5 eller 6 er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle. Ein dispensasjonssøknad skal då handsamast etter NML § 48.

6.4.1 Spesifiserte dispensasjonsreglar

I verneforskrifta § 7, er det ei opplisting av kva for tiltak som forvalningsstypesmakta etter søknad kan gi dispensasjon til. Sjølv om dispensasjonsheimelen er utgangspunktet for tolkinga, må ein dispensasjon også vurderast ut frå verneformålet og naturforholda i det enkelte området. Det bør givast dispensasjon for tiltak som bidrar til å fremje verneverdiene. Slik bruk kan også vurderast som eit ledd i forvaltinga for å bevare eller fremje verneverdiene.

6.4.2 Generelle dispensasjonsreglar

Etter overgangen til NML 01.juli 2009 gjeld no § 48 i denne lova i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter § 8 i verneforskrift for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal, men etter NML § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene § 7

Naturmangfaldlova (NML) § 48, dispensasjon frå vernevedtak

Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å söke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvalningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvalningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

gjeld framleis. I tillegg skal dispensasjonssøknader vegast opp mot retningslinene i kap. II i NML §§ 8-12 alminnelege reglar om berekraftig bruk, jf. § 7 i NML.

Det følgjer av § 48 i NML (sjå tekstboks) første ledd kva for vilkår som normalt må vere oppfylt for å kunne gje dispensasjon. Vilkåra er omtalt i følgjande avsnitt.

For det første stillast det vilkår om at tiltaket *"ikke strider mot vernevedtakets formål"*. Dette inneber at ein må sjå på samanhengen mellom omfanget av tiltaket, art og plasseringa i høve til verneformålet. Tiltak og bruk som omfattar større tekniske inngrep vil det som regel ikkje bli gjeve dispensasjon til.

I høve til vilkåret om at tiltaket *"ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* inneber at det berre skal givast dispensasjon i de tilfeller da tiltaket vil ha begrensa virkning på verneverdiene. Det er med andre ord i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro som har stor verdi for søkjær samanlikna med verneinteressene. Formålet med denne presiseringa er å sikre at vernevedtaket ikkje svekkast gjennom omfattande dispensasjoner. Dispensasjonsregelen gir også eit klart uttrykk for at verneverdiene skal vere overordna t.d. næringsinteresser. Ein skal også vere varsam og merksam på at verneførmålet ikkje vert svekka på sikt grunna ei bit-for-bit-forvaltning.

Begge desse krava må vere oppfylt for å få ein dispensasjon. Det føljer såleis ikkje av dette at dispensasjon skal gis dersom krava er oppfylt. Ingen har krav på dispensasjon og andre vurderingsmoment kan verte gjeldande. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør ein legge stor vekt på føre-var-prinsippet.

Vitskaplege grunnar kan begrunne ein søknad. Dette gjeld då i første rekke dispensasjoner som er naudsynt for forsking. Sjøfuglteljingar er eit døme på dette. Det kan vere aktuelt å gje løyve til ilandstiging i tida med ferdselsforbod for å takser/telje reir, ringmerke fugleungar etc., for å framskaffe data som er viktige for forvaltninga av verneområdet og som bidreg til å fremje verneverdiene. Nyten av granskingane eller forskingsprosjekta skal i kvart tilfelle vurderast opp mot ulempene som aktiviteten medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å lokaliserast til eit verneområde, bør skje utanfor.

Dispensasjon når *"sikkerhetshensyn gjør det nødvendig"* er ein ny heimel i NML. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom.

Også der omsynet til *"vesentlige samfunnsinteresser"* gjer det naudsynt kan det givast dispensasjon sjølv om dette strider mot verneførmålet og påverkar verneverdiene. Omgrepet *"vesentlig"* tyder likevel på at det skal særskjært mykje til å dispensere frå dette vilkåret. Nasjonalt viktig infrastruktur kan vere døme på begrunna dispensasjon.

6.5 Retningsliner for saksbehandling

Punkta under syner generelle retningsliner for all saksbehandling som gjeld verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal.

- Alle søknader (skal vere skriftlege) om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneføresegnene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal. NML § 48 inneholder særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjoner gjeve etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. Dispensasjonsvedtak skal også innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadene som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.
- Normalt vil verneføresegnene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal derfor først behandlast etter verneføresegnene før eventuelt anna lovverk vert vurdert. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta eller i § 48 i NML.

Dersom det er knytt usikkert kva for verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt. I NML §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved behandling av enkeltsaker.

- Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservat blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknader. Skriftleg løyve skal takast med ved opphold/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltningsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gjeve, vil han berre gjelde i høve til verneforskrifta. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve frå grunneigar eller rettshavar før omsøkt bruk eller aktivitet blir sett i verk.

- Fylkesmannen si avgjerd skal behandlast etter reglane i forvalningslova. Ein eventuell klage skal stillast til DN, men sendast via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dersom forvaltningsstyresmakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast DN for endeleg handsaming og vedtak.

- Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Kommunen kor naturreservatet ligg, SNO og DN.

6.6 Skilting og informasjon

For å unngå ulovleg ferdsel og ilandstiging i naturreservata er det sett opp skilt på stader der det er naturleg å legge til med eller dra opp båt. Skilta består av eit naturreservatskilt og skilt om ferdselsforbod i hekketida (figur 3). Begge er festa på same stolpe. Det vil også bli sett opp skilt på strategiske plassar på land, t.d. langs stigar og andre naturlege innfallsvegar til reservata.

Med ein stadig veksande privat småbåtflåte på kysten og i fjordane, er det viktig å informere sjøfarande om vernet og om ferdselsforbodet i hekketida. Vi ser det også som eit mål å informere om fuglelivet og naturkvalitetane i sjøfuglreservata. Fylkesmannen vil utarbeide

informasjonsplakatar om naturreservatet med m.a. kart, foto og verneregler til å hengje opp på plassar der båtfolk ferdast, t.d. småbåthamna.

6.7 Oppsyn i naturreservata

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneføresegne og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. SNO har ansvaret for oppsyn i verneområda i Norge. Hovudoppgåva til naturopsynet er å sørge for at folk følgjer vernereglane for område. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet. Heimel til å føre oppsyn finn vi i § 63 i NML.

Statens naturopsyn har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg

naturopsyn, og begrensa politimynde etter dei sju miljølovene; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvalningsstyremakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.



Figur 3: Oppsett skilt i Grip naturreservat.
Foto: Øivind Leren.

6.8 Revidering av forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Husfjellet naturreservat gjeld fram til ny forvaltningsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tek sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltningsplanen.

7 Kjelder

Direktoratet for naturforvaltning, 2001: Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv november 2001, revidert 2010. 32 s.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008, (revidert utgåve av 2001): Områdevern og forvaltning. Forvaltningshåndboka. Handbok 17-2001

Folkestad, A. O. & Loen, J., 1998: Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 4-1998. 125 s.

Follestad, A. & Lorentsen, S.H. Takseringsmanual for måker, terner, skarv, teist, ærfugl og grågås.- NINA rapport 716. 28 s.

Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 – Økologiske risikovurderinger av fremmede arter. 152 s.

Holten, J. I., 1990: Potensielle vegetasjonsregioner for Norge 1:3 mill. Vegetasjonsregionkart. Vedlegg til: NINA Utredning 011.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken. Norge. 480 s.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L og Kvamme, M. 1999: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 252 s.

TemaNord, 2008: Vest-Nordiske sjøfugler i et presset miljø, Rapport fra en nordisk workshop Torshavn, Færøyene 26-29. september 2007. TemaNord 2008:573. 100 s.

8 Vedlegg

Vedlegg 1

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl. Vern av Husfjellet naturreservat, Haram kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 28. mai 2010 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Naturreservatet vedkjem gnr./bnr. 9/1, 9/2, 9/5, 9/7, 9/8, 9/10, 9/11, 9/14 og 9/122 i Haram kommune.

Naturreservatet er på omlag 0,181 km² landareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5 000, datert

Miljøverndepartementet mars 2010. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet blir merka av i marka. Knekkpunkta for grensene for naturreservatet skal koordinatfestas.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Haram kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Det same gjeld jordskiftekartet som lages etter grensemerking.

§ 2. Formål

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfold. Den tilnærma urørte bergformasjonen med fuglefjellspreng og med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna gråmåke, fiskemåke, toppskarv og havhest.

§ 3. Verneregler

I naturreservatet må ingen gjere noko som forringar verneverdiane som er angitt i verneformålet.

For naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

1. All vegetasjon på land og i vatn (inkludert tang og tare) er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing av trær og anna vegetasjon er forbode.
2. Dyrelivet, inkludert reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Hundar skal holdast i band. Utsetjing av dyr er forbode
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplinga er ikkje uttømmande.

§ 4. Generelle unntak fra vernereglane

Vernereglane i § 3 er ikke til hinder for:

1. Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet
2. Sanking av bær og matsopp og plukking av vanlege planteartar til privat bruk.
3. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
4. Vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på vernetidspunktet
5. Vedlikehald av gjerde
6. Hogst av skog som er planta før vernevedtaket.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminnar.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

1. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.
2. Motorferdsel på land er forbode.
3. Start og landing av luftfartøy og lavtflygning under 300 meter er forbode.
4. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 6. Generelle unntak fra ferdelsreglane

Reglane i § 5 er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, ambulanse-, oljevern-, redningsteneste- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyresmakta.
Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Reglane i § 5 2. ledd er ikke til hinder for:

2. Nødvendig ferdsel i samband med beite, inklusive tilsyn som med dyr på beite, oppsetting og vedlikehald av gjerde og liknande.
3. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som vert nytta skal vere skånsom mot markoverflata. Det skal givast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring.
4. Forsvarets nødvendige lavtflygning.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Ferdsel på land for fangst av mink.
2. Oppsetting av gjerde for regulering av beite.
3. Rydding av vegetasjon.
4. Nødvendig motorferdsel forbindelse med aktivitetar etter § 4 nr. 4, 5 og 6 og § 7 nr. 1, 2 og 3.

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom

sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. Skjøtsel

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta fastset, kan iverksetje skjøtsel for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet.

§ 10. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidas forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel, og skal etter planen leggast fram innan 28. mai 2011.


§ 11. Forvalningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvalningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2010.

Vedlegg 2 – skjøtselskart for Husfjellet naturreservat



Vedlegg 3 – Sakshandsaming av forvaltningsplan for Husfjellet naturreservat

Av ulike årsaker kom planarbeidet seint i gong. Eit høyringsutkast blei sendt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 14.10.2011 til alle grunneigarane. Kommunar og andre moglege brukargrupper fikk tilsendt eit brev med opplysning om at dei kunne finne høyringsutkasta på fylkesmannen sine heimesider. Det blei oppmoda om å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 25.11.2011.

Det kom inn ein merknad:

Arnfinn Flem påpeika over telefonkontakt den 17.10.2011 manglar under avsnittet om rydding av tre og kratt. Det skraverte området for rydding ved Husfjellet på skjøtselskartet var feil i høve til kor det viktigaste hekkeområdet var. Grunneigaren ønska at mykje av det planta bartrefeltet skulle få stå att, da det aldri har hekka sjøfugl der.

Fylkesmannens kommentar:

Ei synfaring blei gjennomført 08.12.2011 der Jorunn Mittet Eriksen og Ola Betten frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og grunneigaren var med. Fylkesmannen er einig i at det er viktigast å prioritere å rydde områda der sjøfuglane hekker. Området for rydding av tre og kratt er difor justert i kartet. I tillegg har vi presisert i teksten, avsnitt 5.3 og 5.5.1 at ryddinga skal først prioriterast i områda som er viktige hekkeområde for sjøfugl. Grunneigar vil elles bli kontakta ved planlagt skjøtsel og få kome med innspel på kva som skal fjernast og ikkje.

I denne godkjente planen er redigeringa noko endra. Tidsplana er noko forandra. Elles er innhaldet i hovudsak som i høyringsutkastet, med unntak av dei punkta det er gjort greie for i avsnittet over.

Godkjenningsvedtaket står på side 3.

